



Didrik Håland Solberg  
Radøyvegen 3065  
5939 SLETTA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4792 - 22/68055

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
08.09.2022

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 415/8 Nordanger**

Tiltak: Søknad om deling og dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr 415/8  
Tiltakshavar: Didrik Håland Solberg

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje lagt ved skjemaet «opplysningar gjeve i nabovarsel» eller gjenpart av nabovarselet. Me kan derfor ikkje sjå kva som er varsla. Mellom anna om søknad om dispensasjon er varsla. Skjemaet må sendast inn.
2. Det må oppgjevast eit tal for areal på tomta som vert søkt frådelt.
3. Det er i søknaden kryssa for at gbnr 415/8 har vegrett over arealet som søknaden gjeld, punkt 9. Er dette ein rett som skal bestå?
4. Dersom det vert gjeve dispensasjon og løyve til deling vil det verte sett krav om at private rettar for den nye grunneigedomen skal sikrast gjennom tinglysing. Dette er slik som vegrett og eventuell rett til å VA leidningar over gbnr 415/8. Dette til dykkar orientering.

Parallelt med dette brevet vil søknaden verte sendt til uttale til Statsforvaltaren. Saka vert også sendt til landbrukskontoret i kommunen for handsaming etter jordlova. Søknaden vil ikkje verte handsama etter plan- og bygningslova før den er handsama etter jordlova.

Saksbehandlingsfristen vert derfor forlenga med den tida som går med til å få handsama saka etter jordlova, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 09.10.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Didrik Håland Solberg

Radøyvegen 3065

5939 SLETTA